



**DET KONGELEGE  
MILJØVERNDEPARTEMENT**

Fylkesmannen i Hordaland  
Postboks 7310  
5020 BERGEN

Dykkar ref  
2012/13156

Vår ref  
13/242- JBL

Dato  
16.04.2013

**Radøy kommune: Klage på avvising som gjeld reguleringsplan for småbåthamn, gnr. 27 bnr. 12**

Vi viser til oversending frå Fylkesmannen i Hordaland datert 15.01.2013. Saka gjeld klage på fylkesmannen si avvising av klage, jf. fylkesmannen sitt vedtak av 18.12.2012.

**Bakgrunn for saka**

Vi legg til grunn at partane er kjende med saksdokumenta og dei faktiske omstenda i saka. Saka har mange saksdokument. Likevel vil vi gje att hovudinnhaldet av handsaminga av saka.

Hovudutval for plan, landbruk og teknisk vedtok 23.03.2011 i sak 015/11 å leggje reguleringsplanen for Fløholmen ut til offentleg ettersyn. Det vart mellom anna stilt vilkår om at planområdet må utvidast, slik at fylkesvegen skulle takast med i planen fram til krysset mot Marøyvegen.

Kommunen mottok 30.09.2011 klage på sakshandsaminga frå Vidar Mjøs (konsulenten) på vegne av Fløholmen AS (forslagsstillaren). Klaga vart gjord fordi reguleringsplanen ikkje vart lagt ut til offentleg ettersyn og fordi det ikkje var høve til å stille vilkår i planen.

22  
00

Etter at klaga vart motteken har det vore brevveksling mellom konsulenten og kommunen. Saka vart handsama på nytt av hovudutvalet 21.03.2012 i sak 033/12, men kommunen gjorde ikkje nokon endringar i vedtaket i sak 015/11. Saka vart deretter send til fylkesmannen til handsaming 16.10.2012. Fylkesmannen avviste 18.12.2012

Postadresse  
Postboks 8013 Dep  
0030 Oslo  
postmottak@md.dep.no

Kontoradresse  
Myntgt. 2  
<http://www.md.dep.no/>

Telefon  
22 24 90 90  
Org no.  
972 417 882

Avdeling for regional  
planlegging  
Telefaks

Sakshandsamar  
Jon Beldo

klaga frå konsulenten fordi det ikkje var klagerett på vedtaket. Konsulenten klaga på dette vedtaket i e-post av 20.12.2012 og i brev av 08.01.2013. Fylkesmannen vurderte saka på nytt i kjølvatnet av klaga, men fann ikkje grunn til å endre vedtaket av 18.12.2012. Saka vert send til Miljøverndepartementet 15.01.2013 for avgjerd.

### **Miljøverndepartementet si vurdering av saka**

I plan- og bygningsloven (pbl.) § 12-11 går det fram:

”Når forslaget til reguleringsplan er mottatt av kommunen, skal kommunen snarest, og senest innen tolv uker eller en annen frist som er avtalt med forslagsstiller, avgjøre om forslaget skal fremmes ved å sende på høring og legges ut til offentlig ettersyn og behandles etter reglene i §§ 12-9 og 12-10. Kommunen kan samtidig fremme alternative forslag til regulering av arealet. Er forslaget i samsvar med kommuneplanens arealdel eller områderegulering, kan avslaget kreves forelagt kommunestyret.”

Spørsmålet i saka er om forslagsstillaren har høve til å klage på kommunen sine endringar i private planforslag før kommunen sender forslaget på høring og legg det ut til offentlig ettersyn. Ordlyden gir ingen haldepunkt for at kommunen har høve til dette. Men i forarbeida (Ot.prp. nr. 32 (2007-2008-), s. 237) står det at kommunen kan gjere endringar i private planforslag før planen vert send på høring og lagd ut til offentlig ettersyn.

I vår fråsegn i sak nr. 96/1041 til § 30 i plan- og bygningsloven av 1985 står det:

” Bestemmelsen i plan- og bygningslovens § 30 om privat reguleringsplan gir forslagsstiller et krav på å få planforslaget vurdert av kommunestyret, men ikke på å få det vedtatt. Kommunestyrets negative vedtak, vedtak om ikke å ville vedta et reguleringsplanforslag, er ikke gjenstand for klage . Det samme er etter departementets oppfatning tilfelle med et forslag om mindre vesentlig endring av reguleringsplan. Dersom planutvalget ikke er villig til å vedta et forslag om mindre vesentlig endring, er heller ikke et slikt negativt vedtak gjenstand for klage.”

Det same må gjelde i denne saka. Dersom planforslaget blir endra utan semje med forslagsstillaren, må endringa bli å rekna som eit avslag på å få godkjent det innsende forslaget.

Bakgrunnen for ei endring i planforslaget heng saman med at ein 700 meter lang fylkesvegarm med fortau skulle takast med i planen. Departementet kan ikkje sjå at dette vilkåret er problematisk. Det er opp til kommunen innanfor ramma av pbl. § 12-7 å vedta reguleringsføresegner. I føresegna nr.10 går det fram at kommunen kan gje føringar om rekkjefylgje for gjennomføring av tiltak etter planen. Det er viktig å vere klar over at ei føresegn om rekkjefylgje, ikkje i seg sjølv inneber noka plikt for utbyggjaren eller grunneigaren til å gjennomføre tiltak.

Vi legg derfor til grunn at det ikkje er høve til å klage på Radøy kommune sitt forslag til endring av planen. Dette inneber at fylkesmannen sitt vedtak av 18.12.2012 står ved lag.



### Vedtak

**Miljøverndepartementet stadfestar Fylkesmannen i Hordaland sitt vedtak av 18.12.2012. Klaga vert med dette avvist.**

Med helsing

Bjørn Casper Horgen (e.f.)  
avdelingsdirektør

Jon Beldo  
rådgjevar

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje handskriven signatur.*

Kopi til:  
Vidar Mjøs

Fabrikkgaten 7B

5059 BERGEN